

# Spørjeskjema som grunnlag for dialogmøte i Vestland



I 2018 vedtok Stortinget Meld. St. 15 "Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre". Reforma handlar om å skape eit meir aldersvennleg samfunn der eldre kan leve gode liv og delta i fellesskapet.

**Målgruppa for reforma er eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon. Overordna skal reforma bidra til:**

- Fleire gode leveår der eldre beheld god helse lenger, opplever at dei har god livskvalitet, at dei i større grad meistrar eige liv, samstundes som dei får den helsehjelpa dei treng når dei har behov for den.
- Pårørande som ikkje blir utslitne, og som kan ha ein jamn innsats for sine næraste.
- Tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, der dei får brukt kompetansen sin og gjort ein fagleg god jobb.

Reforma har fem innsatsområde. Under kvart av innsatsområda vert det løfta det fram eksempel på løysingar som byggjer på kva eldre, pårørande, politikarar, interesseorganisasjonar, leiarar, tilsette, frivillige og forskarar har sett fungere i praksis. Reforma pålegg ikkje kommunane nye plikter eller forordningar, men peikar på område som er viktige for kvalitet i tenesta.

Vi ynskjer at kommunen nyttar seg av dette skjemaet som ei førebuing til dialogmøte, og undervegs i dialogmøte. Gje ein kort status på gjennomført og pågåande arbeid innanfor innsatsområda i forkant. Det utfylte kartleggingsskjemaet er kommunen sitt eige, men vi ynskjer ein kopi for å kunne planlegge vidare støtte i reformarbeidet, og følge utviklinga av reforma sine satsingsområde.

Lykke til, vi ser fram til å møtast i eit dialogmøte!

Med helsing frå det regionale støtteapparatet i Vestland



Utviklingscenter for  
sykehjem og hjemmetjenester



Fylkesmannen i Vestland

# Spørjeskjema som grunnlag for dialogmøte i Vestland



**Eit aldersvennleg Norge** - målet er å skape eit samfunn som legg til rette for at eldre kan bidra og delta i samfunnet.

Korleis arbeider kommunen i dag med å skape eit meir aldersvenleg samfunn?

---

---

Er arbeidet omtala i kommunen sine planverk? Viss ja, i kva plan? \_\_\_\_\_

Kva aktør er det aktuelt å involvere i eit slikt arbeid lokalt? \_\_\_\_\_

Er eldrerådet involvert i arbeidet? \_\_\_\_\_

Kva arena kan verte brukt for å sette arbeidet på dagsorden saman med innbyggjarar i kommunen? Har kommunen erfaring med brukar- eller innbyggjarinvolvering frå andre område i kommunal sektor? \_\_\_\_\_

---

**Gjennomført og pågåande arbeid for området:**

**Ny innsats som blir planlagt innanfor området:**

# Spørjeskjema som grunnlag for dialogmøte i Vestland



### Aktivitet og fellesskap Målet er auka aktivitet, gode opplevingar og fellesskap

Gode augeblikk	Tru og liv	Generasjonsmøte	Samfunnskontakt	Sambruk/ samlokalisering
Eldre bør få tilbod om minst ein time aktivitet dagleg med bakgrunn i egne interesser, ynskje og behov. Aktiviteten skal gje gode opplevingar og augeblikk i kvardagen og stimulere sansar og minne, bevegelse og deltaking i sosialt fellesskap.	Helse- og omsorgstenesta sørger for at den enkelte si tru- og livssynsutøving og behov for samtalar om eksistensielle spørsmål blir teke vare på.	Det er etablert møteplassar mellom unge og eldre i dagleglivet, organisert aktivitet og verksemd på tvers av generasjonane.	Helse- og omsorgstenesta bør opprette ein funksjon som samfunnskontakt. Ein samfunnskontakt er bindeledd og koordinator mot nærmiljø, familie og pårørande, frivillige, næringsliv, organisasjonar, institusjonar i lokalsamfunnet.	Sjukeheim og omsorgsbustadar bør byggast slik at dei blir ein integrert del av lokalmiljøet, gjerne med felles møteplassar og naboskap på tvers av generasjonar og funksjonar.

Kva aktivitetstilbod finst for gruppa i dag, i regi av kommunen eller andre? \_\_\_\_\_

Har kommunen tilbod om møter mellom generasjonar og møteplassar på tvers, kva sektorar samhandlar i så fall om tilboda? \_\_\_\_\_

Blir samfunnskontaktens foreslåtte ansvarsområde teke vare på av nokon i dag? Dersom ja, kven? \_\_\_\_\_

**Gjennomført og pågåande arbeid for området:**

**Ny innsats som blir planlagt innanfor området:**

# Spørjeskjema som grunnlag for dialogmøte i Vestland



## Mat og måltid

Målet er å redusere underernæring og skape gode mat og måltidsopplevingar for den enkelte

Det gode måltidet	Måltidstider	Valfridom og variasjon	Systematisk ernæringsarbeid	Kjøkken og kompetanse lokalt
Eldre får næringsrik mat som ser god ut, luktar og smakar godt. Sosiale måltidsfellesskap for dei som ønskjer det.	Eldre med behov for mat- og ernæringsbistand skal få tilbod som er tilpassa deira eiga måltidsrytme. Måltida bør fordelast jamt utover dagen og kvelden, og det bør ikkje vere meir enn 11 timar mellom kveldsmat og frukost.	Den enkelte får høve til å ta vare på eigne mattradisjonar og etevanar når det gjeld meny, tidspunkt for måltid og kven dei vil ete saman med.	Den enkelte sitt behov for å unngå under- og feilernæring blir følgt opp.	Alle kommunar har matfagleg kompetanse i helse- og omsorgssektoren.

**Korleis jobbar kommunen systematisk med ernæring for heimebuande og bebuarar på institusjon? Kva aktørar er involvert i arbeidet?**

---

**Er ernæring eit satsingsfelt innanfor kommunen sitt kompetansearbeid, i så fall korleis og for kven?**

---

**Gjennomført og pågåande arbeid for området:**

**Ny innsats som blir planlagt innanfor området:**

# Spørjeskjema som grunnlag for dialogmøte i Vestland



## Helsehjelp

Målet er å **auke** meistring og livskvalitet, førebygge funksjonsfall og gi rett hjelp til rett tid.

Kvardagsmeistring	Proaktive tenester	Målretta bruk av fysisk trening	Miljøbehandling	Systematisk kartlegging og oppfølging
<b>Eldre får høve til å vere mest mogeleg sjølvhjelpne, også ved mottak av helse- og omsorgstenester. Dei får vurdert behov for rehabilitering og eigenomsorg.</b>	Tenestene oppsøker aktivt innbyggerane som ikkje sjølve oppsøker helsetenester.	Eldre får tilbod om trening og fysisk aktivitet som førebyggjande, behandlande og rehabiliterande tiltak.	Eldre får tilbod om miljøbehandling som kan auke velvære og meistring, og dempe angst og uro.	Teikn på utvikling av sjukdom, funksjonstap eller problem blir fanga opp for å kome tidleg i gang med rette tiltak.

Korleis jobbar kommunen med kvardagsmeistring i helse og omsorg?

---

Er kontakt med, eller tilbod til, innbyggerar som ikkje oppsøker helsetenesta, sett i system?

---

Kven i kommunen blir involvert i arbeidet med kartlegging og analyse av framtidig behov for helsetenester?

---

Gjennomført og pågåande arbeid for området:

Ny innsats som blir planlagt innanfor området:

# Spørjeskjema som grunnlag for dialogmøte i Vestland



## Samanheng og overgangar i tenestene

Målet er auka tryggleik i og føreseielege pasientforløp til eldre og deira pårørande

Den enkelte sitt behov	Avlastning og støtte til pårørande	Færre personar å ha kontakt med og auka kontinuitet	Mjukare overgangar mellom eigen heim og sjukeheim	Planlagde overgangar mellom kommune og sjukehus
Kommunen har fokus på kva som er viktig for den enkelte.	Kommunen har meir fleksible avlastningstilbod, informasjon og dialog, pårørandeskule og samtalegrupper.	Den enkelte får primærkontakt, færre tilsette og hjelpa kjem til avtalt tid.	Betre pasientforløp.	Tenesta har tidleg planlegging og saksbehandling for utskrivning, gjensidig kompetanseoverføring.

### Korleis arbeider kommunen med heilskapleg pasientoppfølging?

Korleis blir brukar og pårørande involverte? Finst det tilbod om opplæring til brukar og pårørande? \_\_\_\_\_

Korleis blir arbeidet med planlagde overgangar mellom nivå organisert? \_\_\_\_\_

### Gjennomført og pågåande arbeid for området:

### Ny innsats som blir planlagt innanfor området:

# Spørjeskjema som grunnlag for dialogmøte i Vestland

## Oppsummering av reforma sine innsatsområde

**Kva er vi gode til i vår kommune? Vel ut tre tiltak/områder**

- 1.
- 2.
- 3.

**Kva område har vi behov for å forbetre eller finne nye løysingar på? Vel ut tre områder**

- 1.
- 2.
- 3.

**Vi ynskjer hjelp eller råd og rådgjeving frå støtteapparat til:**

# Spørjeskjema som grunnlag for dialogmøte i Vestland

